

KYRKJEBLAD FOR ÅL



STÅ SAMAN MOT KRIGEN / GUDS FRED SOM OVERGÅR ALL FORSTAND / INGRID GLER SEG
FÆRRE DØYPTE OG TIL GUDSTENESTE / TAKK TIL FRIVILLIGE OG TILSETTE / NY KYRKJEVERJE

NR. 2 | 2022 | 63. ÅRGANG



Frå fasteaksjon 5. april 2022. To ivrige konfirmantar i Torpo samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp:
Vetle Åsegård Kaspersen (til venstre) og Kristian Østro Slåtten. Foto: Birger Bolstad

*Kjære Gud. Takk for alt det vakre du har skapt. Takk for alt det gode du har gjeve oss.
Hjelp oss til å dela, og vis oss korleis me kan bidra til ei meir rettferdig verd.*

Stå saman mot krigen

Det er krig att i Europa, ein tanke og eit faktum som me knapt skjønar. Ikkje sidan andre verdskrigen har Europa opplevd slike krigsscener og øydeleggingar som det me no ser i Ukraina. Bombing. Byar blir lagde i grus. Tusenvis av menneske drepne. Millionar av menneske på flukt. Ei heil verd undrar seg over den russiske okkupasjonen. Korleis kan dette skje i dag i det sivileerte Europa?

Alle kan gjera litt

Me er alle uroa over denne krigsgalskapen, også me her i rolege Hallingdal. Kan me gjera noko?

Me treng i alle fall ei kyrkje som tek kraftig til motmæle mot fordommar og hat. Leveld, Torpo og Ål sokneråd arrangerte til dømes eit fakkeltog for Ukraina få dagar etter den russiske okkupasjonen. Og seinare, i april, hadde sokneråda i Hallingdal møte med biskop Jan Otto Myrset på Gol. Her understreka biskopen det store behovet menneska alltid har for, nettopp, ein møteplass for alle og kor viktig kyrkja difor er.

På same møtet stilte soknerådsleiar Einar Brattegard spørsmålet: Opplever folk kyrkja som relevant? At alle kan gjera litt illustrerte Brattegard slik: - Fakkeltoget var nesten mindre enn ein drope, men også Hallingdalselva er dropar, mange dropar. Blir det for få dropar, blir det straumkrise.

Korleis møta framande?

Hallingdal har i fleire omgangar teke mot asylsøklarar og flyktningar. No kan det vera at mange ukrainarar kjem hit. Også dei treng vår støtte. Kva kan me gjera som kyrkje, som lokalsamfunn, som medmenneske? Korleis møter me framande?

..... I KYRKJEPORTEN



Av Birger Bolstad

Å gje gode svar på desse spørsmåla er utfordrande. Vegen må bli til medan me går, heiter det. Politikarar på alle nivå må gje sine svar, som kyrkje, tilsette i skule, barnehage, helsevesen, kommuneadministrasjon m.m. gjev sine.

Men kva med du og eg? Ser me andre? Er me opne for andre? Interesserte i andre? Kan me smila til framande, vera inkluderande, og det same kva hudfarge ein har, same kva religion ein har, same kvar ein kjem frå?

Me treng alle kvarandre, om me er sambygdingar, innflyttarar, flyktningar, asylsøklarar. Me er alle medmenneske, om det er i kyrkja, på skulen, i barnehagen, på fotballbanen, på leikeplassen, i butikken.

Det handlar om å sjå den andre.

Etterord – ei bøn

PS. Eg undrar meg mykje over den holdninga som leiarskapen i den russisk-ortodokse kyrkja har i Ukraina-konflikten. Kyrkjemakt og militærmakt går jo i takt. At ortodokse kyrkjeleiarar står saman med statsmakta og velsignar dei forferdelege krigshandlingane på ukrainsk territorium, er for meg ei gåte. Sjefrabbinar Yaakov Dov Bleich i Kyiv oppmoda jødar og kristne om saman å be bøna i Salme 31 i Bibelen då invasjonen i Ukraina var eit faktum. Tidlegare biskop Ole Kvarme skriv om dette. I den gamlestamentlege salmen klagar David si naud til Gud, og at han er som ein død, gløymd av menneske. Han protesterer mot overgrepa frå fienden, her er redsle på alle kantar. David ropar til Gud, men har også tillit til Gud: «Mine tider er i di hand, fri meg frå fiendar som jagar meg.»



MEIR HIMMEL PÅ JORD?

Biskop Jan Otto Myrset inviterte i april alle sokneråda i Hallingdal til møte på Gol. Han ville inspirere til målretta arbeid med kyrkjas visjon og strategi: «Saman som kyrkje. Korleis skapa meir himmel på jord?»

- Kyrkja har prega land og folk i 1000 år. Kva om kyrkja var borte? Me ville mista både røter og retning, sa biskopen. Han understreka mellom anna den viktige møteplassen som kyrkja er og at her er rom for alle.

Fleire på møtet peika på at no, no etter pandemien, må me få folk ut att og skapa gode og aktuelle møteplassar. Og ideane var mange. Einar Brattegard, soknerådsleiar frå Ål (t.v.), viste mellom anna til fakkeltoget for Ukraina, som kyrkja i Ål arrangerte, og at det er Jesus som har vist oss kven nesten vår er.

Nordbygdene neste

Leveld, Torpo og Ål sokneråd hadde årsmøte 22. mars i Torpo misjonsheim. Soknerådet ynskjer å rullera stadene der årsmøtet skal haldast. Neste år står Nordbygdene for tur.

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Birger Bolstad (redaktør) • Liv Margit Sørbøen

BANKGIRO 2320.20.70272 | VIPPS 627063 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd
GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkje.no

PROST Sveinung Hansen | SOKNEPREST Geir Wiknes | PROSTIPREST Ingrid Finsådal Bakke | KYRKJEVERJE Trond Berthelsen Augunet | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito
KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Ingvald Kringlebotten Stautland | REINHOLDAR Rezene Habtom
KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Morten Storhaug • Tom Vidar Myrestølen | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

Guds fred som overgår all vår forstand

Vi har nettopp feira pinse. Den kristne kyrkja sin bursdag og høgtida som fortel oss at Gud er hos oss og i oss ved Den heilage ande. Vi er ikkje etterlatne som «foreldrelause born», men har fått Guds fred.

Jesus førespegla læresveinane kva som skulle kome før han drog til sin Far i himmelen:

«Men Talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt det eg har sagt dykk. Fred etterlet eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjarta dykkar uroast, og ver ikkje motlause!» (Joh 14,26-27)

Kva for fred er det Jesus snakkar om her? Dei fleste forbinder nok fred med fråvær

av krig. Andre vil kanskje seie at fred er å finne ro og stillheit bort frå larm og ståk. Atter andre vi seie at fred er fråvær av det som er vondt og vanskeleg.

Vi er heldige dersom vi kan la det vere vår definisjon av fred! Verda ropar etter fred! Det er så mange konflikhtar, så mykje øydelegging, så mange rop om at våpena må leggjast ned. Vi vil fred, men vi veit at over alt i verda er det menneske som kvar dag må kjempe mot ufreden.

I vårt land er det også mange som lengtar etter fred. Fred med Gud. Fred med kvarandre. Fred med seg sjølv. Lengten etter

.....
ANDAKT



Av Ingrid Finsådal Bakke, prostiprest

fred er kanskje den som ligg aller djupast i hjartet vårt.

Men det er annleis med den fred Jesus vil gje oss. Den er ikkje som den fred verda snakkar om. Den handlar ikkje om fråvær av noko. Guds og Jesu fred handlar om nærvær. Nærvær av det heilage og det guddommelege. Nærvær midt i det som er. Denne freden reiser oss

opp og gjev styrke til å møte livets gode og vanskelege dagar. Guds fred er ein fred som overgår all vår forstand og som ber når det elles stormar i livet. Ingen av oss veit kva som vil møte oss av godt og vondt, av glede og sorg, men vi har fått det same løfte som læresveinane den gongen fekk, om Guds nærvær og fred midt i vår ufrededeleg verd.

«Lat ikkje hjarta dykkar uroast, og ver ikkje motlause.»



Vil du bli tekstlesar?

«Kor verdfull din kjærleik er, Gud!
I skuggen av dine venger
søker menneskeborna ly.»

SALME 36, 8

Gamle, vakre, rare og viktige tekstar. Frå ein meir enn 3000 år lang tradisjon vert me del av den store forteljinga i det me les og høyrer bibeltekstar om og om igjen. Kunne du tenkje deg å vere ein av klokkarane eller tekstlesarane i Leveld, Torpo eller Ål sokn? Du treng ingen forkunnskapar, og får nødvendig opplæring og oppfølging.

«- Å formidle eldgamle tekstar til dagens menneske set oss i ein heil unik posisjon.»

Ein tekstlesar eller klokkar:

- Les ein eller to tekstar frå bibelen i gudstenesta.
- Kan vere med å lese andre tekstar gjennom gudstenesta.
- Les informasjonen før gudstenesta byrjar.
- Leier kyrkjelyden når meminnest dei gravlagde.
- Hjelper med andre praktiske oppgåver når det er dåp eller nattverd.
- Er ein støtte når konfirmanthar har oppgåver i gudstenesta, og hjelper dei litt undervegs.
- Turnusen blir me einige om, men me søker ein jamn frekvens mellom dei som har denne oppgåva.

Har du spørsmål, eller vil melde deg til teneste?
Ta kontakt med sokneprest Geir Wiknes på e-post
geir.wiknes@hallingnett.no eller mobiltelefon 97131441.

Faklar for Ukraina

Sundag 6. mars arrangerte Leveld, Torpo og Ål sokneråd fakkeltog for Ukraina, berre dagar etter den russiske invasjonen av landet.

– Det som no skjer i Ukraina er heilt uakseptabelt, sa sokneprest Geir Wiknes i sin apell. 115 deltok i fakkeltoget. 99 faklar vart selde, det utgjorde minst kr.19 800,- til Røde Kors (VIPPS 2170/2272) og Kirkens Nødhjelp (VIPPS 2426) som arbeider for dei krigsutsette.

Takk til dykk alle, også lokalt næringsliv, som støtta opp om fakkeltoget.

Dei gjekk for Ukraina
Kristine G. Andersen (t.v.),
Tessa Berglund og Ingunn
Solberg Skalle.

Foto: Wenche Skår-Ekse





Fargerike messehaklar

Fleire har fått augo opp for dei flotte messehaklane på Torpo som kyrkjebladet omtala før påske. På dei nye bileta viser prost Sveinung Hansen og tidlegare sokneprest Vigdis Moen Storhaug fram dei to siste fargerike messehaklane.

Det var altså i 1993 at Torpo kyrkje fekk fire messehaklar som var utforma av Gro Bjørei og Marit Anny Løken Tvenge i Vestre Slidre, alt takka vera testamentariske gåver frå Liv og Olav Oppheim.

Kva slags plagg er eigentleg messehaklar? Dei blir rekna blant dei viktigaste paramenta i kyrkja (orda er rett skrivne!), altså tekstilar som blir brukte på liturgiske stader og under kyrkjelege handlingar. Messehakelen blir nytta saman med liturgisk drakt av den som forrettar ved nattverd. Den kan også brukast under altarteneste på høgtidsdagane.

Også omgrepet stola må forklarast. Ein stola er sjølve teiknet på at ein er vigsla. Det er eit farga 8 – 12 cm breitt band som presten ber over skuldrane slik at stolastolpane heng rett ned. Stola for ein prest skal ha ein kross i nakken. Stolaen skal alltid berast under messehakelen.

Dei liturgiske fargane er kvit, raud, fiolett og grøn, og det er kyrkjeårstid og kyrkjelege handlingar som avgjer korleis dei liturgiske kleda skal brukast.

Meir informasjon om dette finn du på www.kyrkja.no.



FASTEAKSJONEN 2022: Håp og vatn

Så ivrige! Fasteaksjonen gjekk med liv og lyst i bygdene våre 5. april. Konfirmantane, over 20 born frå Etter skuletid, ja, heile kyrkjelyden stilte opp. Bøsseberarane kom til alle bygdene våre – gåande, syklande, og foreldre og andre engasjerte stilte opp som sjåførar og støttespelarar. Eit slikt fellesskap er så viktig – og moro!

Og så mykje pengar som kom inn! Totalt i Ål kommune vart 105.817 kr samla inn, både fysisk og digitalt, dvs 22,78 kr for kvar innbyggjar, For heile landet kom det inn vel 35 millionar kr, nærare bestemt 35.382.687 kr, eller 6,54 kr pr innbyggjar, alle tal i fylgje Kirkens Nødhjelp (nedlasta 2. mai). Så stor ei gjevarglede!

Takk til alle som gav, takk til alle som hjalp til! Leveld, Torpo og Ål sokneråd er stolt av dykk!

Vatn og Ukraina

Kirkens Nødhjelp kan i år feira 75-års jubileum. Fasteaksjonen – med tittelen «Håp i ein drope vatn» – var ein viktig del av markeringa. Dei innsamla pengane går mellom anna til ukrainske flyktninger (reint vatn, mat, tepper og hygieneartiklar) og til reint vatn i Malawi, eit av dei fattigaste landa i verda og sjølve fokuslandet, som Kirkens Nødhjelp seier, for årets fasteaksjon.

Kirkens Nødhjelp arbeider som kjent på vegne av kyrkjene i Noreg.

– Me skal redde liv og krevja rettferd, og me jobbar med naudhjelp i krisesituasjonar i tillegg til lang-siktig arbeid. Pengane som vert samla inn i fastetida går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda. Dette gir oss høve til raskt å mobilisera når kriser oppstår, slik me no gjer for innbyggjarane i Ukraina, står det mellom anna å lesa på nettsida til Kirkens Nødhjelp.

Fasteaksjonen i Ål

Det er diakon Hilde Kirkebøen som organiserer fasteaksjonen i Ål, saman med diakoninemdene. Ho meiner at fasteaksjonen er viktig av to grunnar:

– For det fyrste får våre unge høve til å bidra og engasjere seg for andre. Dei lærer om verda, forstår meir og blir berørt. Eit slikt prosjekt skaper godt fellesskap.
– Og for det andre er denne innsamlinga viktig for Kirkens Nødhjelp og mottakarlanda og menneska som der treng hjelpa, seier Hilde. – Me er ikkje kyrkje om me ikkje bryr oss om verda.

«Me er ikkje kyrkje om me ikkje bryr oss om verda.»

DIAKON HILDE KIRKEBØEN



**TAKK FOR STØTTA
UNDER ÅRETS
FASTEAKSJON**

Føkk du ikkje gjeve?

VIPPS til 2426

eller gje på konto
1594 22 87493

KIRKENS NØDHJELP
etablert

Vassdropar kan forandra alt.
Ei pakke med ein vasslange,
nokre gode frø og litt gjødsel har
endra fleire tusen liv i Malawi.
Foto: Håvard Bjelland

PROSTIPREST INGRID: Gler seg

No er ho endeleg på plass, den nytilsette prostipresten Ingrid Finsådal Bakke.

– Eg gler meg til å bli betre kjent med folk i alle livsfasar her i dalen, seier ho.

Ingrid kjem frå soknepreststilling i Kilsfjord og Dalsfjord sokn i Volda. Her var ho tilsett frå 2017, då ho vart ordinert, og fram til ho starta opp som prostiprest her i Hallingdal.

Ingrid er 32 år, prestedotter, og flytta litt i oppveksten, men reknar seg eigentleg

som telemarking, frå Nissedal. Ho er gift med Håkon Finsådal Bakke, han er frå Hemsedal. Etter å ha flytta frå Vestlandet bur dei førebels i Hemsedal, men dei vil busetja seg på Gol, fortel Ingrid.

– Eg må nok innrømme at me enda opp i Hallingdal på grunn av Håkon, mannen min, men det var lett å bli med han på dette ynskjet, smiler ho. – Det er fint å koma nærare familien. Ingrid kjem frå ein lengre mammafermisjon. Vesle Isak er ti månader.

Som prostiprest skal Ingrid ha kontor-plass på Ål, men elles gjera teneste der det er behov for henne i prostiet. – Det blir så spennande å bli betre kjent med folk og ulike kulturar her i dalen, seier ho.



Ingrid Finsådal Bakke, den nye prostipresten framom Ål kyrkje.

Stort jubileum for 1971-konfirmantane

Sundag 27.mars kunne endeleg 1971-konfirmantane her i Ål feire sitt 50 års jubileum, eitt år på overtid.

Over 30 jubilantar hadde funne vegen til kyrkja denne fine sundagen der dei fekk oppleve ei fin folke-musikk-gudsteneste med Jo Asgeir Lie og Audun Flaen som musikkansvarlege og Vetle Styve Sæbø som prest. Etter gudstenesta var det tid for foto-grafering og festsamvære.

Desse var tilstades på jubileet (alfabetisk rekkjefølge): Bjørn Andersen, Bjørn Bæra, Kåre Bøhn, Guri Bjørnsen, Ivar Brobakken, Brit Gujord, Herdis Gurigard, Anne Karin Gustavsen, Helge Hermann Gåsterud, Magne Haugen, Reidun Holthe, Anne Berit



Johnset, Odd Jorde, Hasse Kirkedelen, Nils Kjell Kolbjørnsgard, Ragnhild K.Langegard, Anne Marie Melbråten, Sissel Moen, Håkon Myro, Knut Sandåker, Sigurd Sato, Anna S. Seim, Marit Simonsen, Oddbjørn Sletto, Åshild Marie Stein, Rolf Sveinhaus,

Astrid Teigen, Oddvar Thoen, Margunn Stolen Tollefsen, Rolf Vestenfor, Leif Øyvind Westheim, Leif Kåre Ødegård

Av Liv Margit Sørbøen (tekst og foto)

Vetle blir i Hallingdal

Mange kjenner Vetle Styve Sæbø som har vore vikarprest i Hallingdal prosti sidan september i fjor. Etter sommarferien er han tilsett som sokneprest i Flå i halv stilling og halv stilling som prostiprest.


Vetle kjem eigentleg frå Sunnmøre, frå Ulsteinvik, og er 27 år. Ved sida av prestevikariatet avsluttar Vetle prestestudiet i vår.

19. juni blir han presteordinert i Flå kyrkje. Vetle har budd på Torpo dei siste månadane, men flytter altså lenger ned i dalen. Dette gjer han fordi han liker seg godt blant hallingane:

– Å vera ny på ein plass er spennande. Eg har møtt så mange flotte menneske her. Det er fint å kjenna at ein er ønska. Eg føler at folk i kyrkjelydane har løfta meg fram, seier ein glad og optimistisk Vetle.

Takk, Vetle, og lukke til i di vidare prestegjerning!

Vetle Styve Sæbø blir sokneprest i Flå.



Færre døypte, færre til gudsteneste

Kyrkjestatistikken for Leveld, Torpo og Ål sokn frå 2021 viser dramatiske tal.

Færre til gudsteneste

Det har vel aldri vore så få som har gått til kyrkjens i Ål prestegjeld som no. Tendensen er lik for alle tre kyrkjene våre. I 2021 hadde me 3.625 gudsteneste-deltakarar, det var halvparten så mange som i 2019 som hadde 7.104 deltakarar. I 2016 til dømes var talet 10.140, altså tre gonger så mange som i fjor.

Kvifor er det slik? Koronapandemien er ei viktig forklaring sjølv sagt, me har hatt prestemangel og difor har det vore færre gudstenester. Me har fått eit stort religiøst mangfald også i vår kommune, og me ser nok ein større grad av sekularisering no enn før.

Færre døypte

Kyrkjestatistikken for Ål for 2021 viser nedgang i talet på døypte. I 2020 vart 14 døypte og i 2021 17, medan det for ti til 20 år sidan vart døypt mellom 30 og 50 born årleg i Ål prestegjeld. Koronapandemien dei siste par åra kan vera ei forklaring på den store nedgangen, statistikken viser mindre fødselskull, og sist, men ikkje minst: Tradisjonane er truleg i ferd med å endra seg.

Mindre kollekt

Mindre gudsteneste-besøk fører sjølv sagt til mindre offer-inntekter. I Ål kyrkje kom det inn 87.506 kr i 2021, mot heile 201.785 kr fem år tidlegare, som ei samanlikning. Offertala for alle tre kyrkjene til saman var 159.362 kr (2021) og 320.269 kr (2016). Av den samla kollekten i fjor gjekk 32.359 kr til kyrkjelydsarbeidet.

Vil du lesa meir statistikk?

I kyrkjene våre finn du årsmeldingane som er lagt ut.

DET VIKTIGE ARBEIDET: KIA og Tid miljø

KIA-Ål (kristent interkulturelt arbeid) starta opp i februar 2012, og ligg under Ål diakoni. Hovudarbeidet for KIA-Ål er retta inn mot to prosjekt: Etter skuletid og Tid miljø: Språkpraksis. Ca 35 – 40 born er med på Etter skuletid, ca 1/3 av dei att er born med innvandrarbakgrunn.

Tid kafe&landhandel er ein integrering- og arbeids-treningsarena for innvandrarar og folk som treng praksisplass/språkpraksis. Kafeen er ein sosial møteplass som skal fremja nettverksbyggjing og fellesskap på tvers av sosiale og kulturelle/etniske skiljelinjer. For 2021 var det 29 personar i praksis her.

I årsmeldinga til KIA heiter det mellom anna at med støtte frå Arbeids- og velferdsdirektoratet kunne ein pedagog tilsettast som prosjektleiar i TID miljø. Målet var å arbeida særskilt med såkalla forpraksis for deltakarane i Ål introprogram. Det tyder at bufaste flyktningar får tilbod om ein forpraksis, før



Kristine Giljebrekke Andersen (over) var kyrkjelydspedagogen, som vart prosjektleiar i TID miljø. Ingvild Kringlebotten Stautland (under) er tilsett som kyrkjelydspedagog etter Kristine.



ordinær praksis altså, der dei blir fylgd tett opp når det gjeld språkopplæring og innføring i norsk arbeidsliv.

Oppglødd sokneprest

Kven er den nye soknepresten vår? Geir Wiknes vart intervjuva på årsmøtet til soknerådet 22. mars og svara, frå podiet, med eit stort engasjement. I referatet frå møtet skriv Torfinn Slåtto, sekretær i soknerådet og leiar i fellesrådet, dette om presten:

«Oppvekst på gard med mjølkeproduksjon i Vestre Slidre, støtlev om sumaren og i det heile ein idyllisk barndom. Tidleg elev og lærar i musikksskule, trommeslagar i band og korps, musikklinje på Vinstra vgs, snikkar eitt år, friviljug og sivilteneste på kyrkjekontor med konfirmentarbeid. Fekk sansen for presteutdanning etter oppstart på Teologisk fakultet



Den nye soknepresten Geir Wiknes.

på Universitetet i Oslo. Masteroppgåve: Striden mellom klassisk og moderne teologi – Calmeyergatemøtet i 1920.»

Takk til frivillige og tilsette

Det er alltid spennande å lesa årsmeldingane for dei kyrkjelege aktivitetane i Ål. Men så fort alt har endra seg. Pandemi og nedstenging prega fjoråret. No er heldigvis mest alt tilbake i det normale.

I årsmeldinga for 2021 frå Leveld, Torpo og Ål sokneråd les me dette:

– Etter å ha levd med pandemien ei tid, har alle blitt flinke til å finna løysingar på problema. Trass i koronaproblem har det vore gjort mykje

godt arbeid i kyrkjelydane våre. Dette har tilsette og frivillige gjort saman. Dette skal me ta vare på og vidareutvikle i omtanke og omsorg for kvarandre.

Det heiter også at kyrkja i Ål er prega av mykje frivillig arbeid. – Dette gjeld arbeidet med gudstenestene, diakoni osv. Utan frivillig innsats var det ein del tiltak som ikkje kunne gjennomførast. Soknerådet vil derfor takke dei frivillige for alt det dei gjer.

VI GÅR I KYRKJA

JUNI

12.06.2022 Luk 24,45-48
 Leveld kyrkje 11:00
 Ål bygdemuseum 13:00

19.06.2022 Joh 3,1-13
 Torpo kyrkje 11:00

26.06.2022 Mark 10,13-16
 Ål kyrkje 11:00

JULI

03.07.2022 Matt 9,35-38
 Leveld kyrkje 11:00

10.07.2022 Matt 18,12-18
 Torpo kyrkje 11:00

17.07.2022 Mark 3,13-19
 Ål kyrkje 11:00

24.07.2022 Mark 5,25-34
 Nystølskyrkja 11:00
 Torpo stavkyrkje 18:00

31.07.2022 Mark 12,28-34
 Ål kyrkje 11:00

AUGUST

07.08.2022 Luk 6,36-42
 Leveld kyrkje 11:00

14.08.2022 Mark 11,25-26
 Torpo kyrkje 11:00
 Sangeffjell naturkatedral 13:00

21.08.2022 Joh 8,31-36
 Ål kyrkje 11:00

28.08.2022 Joh 4,27-30.39-43
 Leveld kyrkje 11:00

SEPTEMBER

04.09.2022 Joh 15,13-17
 Torpo kyrkje 11:00
 Ål kyrkje 18:00

11.09.2022 Matt 19,27-30
 Leveld kyrkje 11:00

18.09.2022 Joh 15,9-12
 Torpo kyrkje 11:00

25.09.2022 Matt 11,16-19
 Ål kyrkje 11:00

Open Ål kyrkje

Måndag–fredag kl. 8.30–14. Onsdagar open kyrkje kl. 19–20.30.
 Siste onsdag i månaden også enkel kveldsmesse kl. 18.30–19.

Tre sokn, eitt sokneråd

I Ål fellesrådsområde er det tre sokn: Leveld, Torpo og Ål, og me har eitt felles sokneråd. Me ynskjer framleis å ha det slik, som me har hatt det dei to siste valperiodane. I soknerådet har det vore to representantar frå Leveld sokn, to frå Torpo sokn og fire frå Ål sokn. Erfaringane med eit felles sokneråd er gode, heiter det i eit vedtak frå soknerådet. Dei søker om å få halde fram med dette som ei fast ordning frå 1. januar 2023, altså ikkje berre ei prøverodning.

Hausttur

Hausttur 7. september til Vasstulan i Uvdal for alle i Leveld, Torpo og Ål sokn. For meir informasjon: Følg med på kyrkja sine nettsider www.aal.kyrkja.no og Hallingdølen.

Vatning på kyrkjegarden i Leveld

Leveld bygdekvinne lag vil også i år ordne med vatning på kyrkjegarden i Leveld. Vatninga startar 30. mai og held fram ut august. Det blir ikkje kravt betaling, men dei som vil, kan sende ein liten sum til konto nr. 2320.20.60439

Redaktøren har skrive dei usignerte artklane.

Neste nummer av kyrkjebladet kjem ut i midten av september. Frist for å levera stoff er 12. august.

Påskesong og vårteikn

Onsdag før påske var det Påskesong i kyrkjene våre med borna frå barnehagane i kommunen. Borna hadde laga flotte soler, som de ser på biletet, og me song om sola, om blomane og påskemorgon. Ei stor glede for alle!



KYRKJEBLADET TRENG STØTTE!

Takk for at du vippsar til
627063



DØYPTE

Ål

06.03.2022 Ingeborg Myking
 27.03.2022 Louise Myhre-Gudbrandsgard
 10.04.2022 Hennie Etterlid
 17.04.2022 Matea Nayra Mensah Gjeitsund
 24.04.2022 Isak Simonsen-Kivikoski
 24.04.2022 Håvard Midtbø-Simonsen

Leveld

20.03.2022 Kjetil Elvesveen Luksengard
 17.04.2022 Håvard Løkensgard Økland

Torpo

14.04.2022 Iver Gamst Lokøy
 14.04.2022 Ole Fredrik Svendsgård

Vats Fjellkyrkje

24.04.2022 Lavrans Medhus Lågrinn

VIGDE

Ål

19.03.2022 Mari Stølen og Anders Berge

Leveld

02.04.2022 Nina Heir og
 Snorre Lothar von Gohren Edwin

30.04.2022 Karianne Nestegard og
 Vegard Ødegård

DØDE

Ål

25.02.2022 Valborg Baskerud f. 1933
 27.03.2022 Ragnhild Birgit Nybråten f. 1930
 18.04.2022 Grethe Nicolaisen f. 1940
 24.04.2022 Anne-Lise Slette-meås Øen f. 1950
 27.04.2022 Kari Hago Westby f. 1947

Torpo

27.02.2022 Kaare Sand f. 1956

BUK i tre dagar!

Gled deg! Det blir BUK 22. – 24. juni for 1.–4. skulesteg. Juniorleiarane kjem frå 5. trinn. Det blir tur, frisbeegolf, museum, leik, kunst, sykling m.m. Følg med på nettsida til kyrkja og facebook for meir informasjon. Kontaktperson: ingvild.kringlebotten.stautland@hallingnett.no

Familievernkontoret: 32 12 33 44

Samtaler for par, familier og enkeltpersonar. Kommunikasjon, konfliktløsning, foreldre-rettileiing, meklings m.m. Tilbodet er gratis
www.familievern.no • www.bufetat.no

Trond Augunet, vår nye kyrkjeverja, framom Ål kyrkje.

Møt vår nye kyrkjeverje

- Eg gler meg til å begynne!

Det seier Trond Augunet, den nye kyrkjeverja i Ål. 18. mai tok han til i stillinga; han hadde berre så vidt begynt å snusa på jobben då kyrkjebladet intervjuar han.

– Dette blir utfordrande og spennande og noko anna enn eg har arbeidd med før, seier han.

54-årige Trond Augunet kjem eigentleg frå Karmøy, er gift med Gro og har to vaksne døtrer som har flytta ut. I 30 år har han budd i Augunet i Hovet, som er garden kona hans kjem frå. Og jammen reknar han seg som halling også, sjølv om han snakkar utprega rogalandsdialekt!

Velutdanna og allsidig

Trond har utdanning innan offentleg forvaltning og administrasjon, på masternivå, og har studert i Volda (samstundes med Kjellfred Dekko, forgjengaren i kyrkjeverje-stolen) og Lillehammer. I 14 år arbeidde han i skatteetaten i Hol og Hallingdal, i fem år arbeidde han i Hallingdal Økonomiservice, og i ti år har han vore tilsett i Hol kommune. Her var han leiar i plan- og utviklingsavdelinga før han slutta. I Hol har han også vore

formannskapssekretær og også fungert som rådmann nokre gonger. Det er med andre ord ein velutdanna og allsidig leiar som er på plass på kyrjekontoret på Sundre.

Skal vera eitt team

– Kva forventningar har du til kyrkjeverje-jobben, Trond Augunet?

Han smiler litt når han får dette spørsmålet, men seier fyrst at han ikkje har dei store programerklæringane:

Kyrkjebladet har lang produksjonstid, så Trond har berre så vidt møtt dei tilsette når intervjuet finn stad. Han opplever staben som ein god og triveleg gjeng:

– Saman skal me staka ut kursen, både stab og fellelsråd. Me skal vera eitt team. Det vil handla om våre saker, ikkje berre Trond sine. Det er så viktig at me er samla om det me gjer, seier den nye kyrkjeverja venleg, som altså tok over arbeidet etter Kjellfred Dekko, kyrkjeverje i Ål gjennom meir enn 20 år. Det gjer han med stor ærefrykt, som han seier.

– Eg vil også understreka at kyrkja på Ål er ei folkekyrkje, med god oppslutning. Målet må vera å behalda den som ei godt forankra folkekyrkje.

Konfirmantar 2023

No er det din tur! Neste år kan du feire din konfirmasjon i kyrkja. Velkommen som konfirmant i Leveld, Torpo eller Ål kyrkje!

Det er ganske spesielt å vere menneske. I konfirmanttida er det rom for å utforske ulike sider av livet saman med andre. Som konfirmant får du lære meir om deg sjølv, om tru og tvil, om Gud og den verda du er ein del av. Me håper du vil vera konfirmant hos oss!

Men kva er konfirmasjon? Kva er innhaldet i konfirmanttida? Korleis er den lagt opp? Dette kan du lesa meir om på nettsida vår: www.aal.kyrkja.no. Her kan du også melda deg på. Påmeldingsfrist: 1. august.

Møte for foreldre/føresette: 24. august kl.18.00 i Ål kyrkje. Veka etter startar konfirmantsamlingane opp. Konfirmantpresentasjon blir 4. september i Leveld og Ål, og 11. september i Torpo.

Er du usikker på kva du vil? Snakk med vener, søsken, familie eller nokon som alt er konfirmert, eller kontakt oss i kyrkja.

Sokneprest Geir Wiknes er kontaktperson for konfirmantane og har denne epost-adressa:
geir.wiknes@hallingnett.no.

**KONFIRMAN*
2023**

Den store barnedåpen

Talet på døypte i Noreg har gått ned, også i Ål, men for den døypte, for familiane, for kyrkja er dåpen ei viktig og stor hending. Sundag 24. april vart to smågutar, som også er søskenbarn, døypte i Ål kyrkje, Isak og Håvard.

På bildet til venstre er dåpsbarnet Håvard saman med foreldra Hanne Førde Midtbø og Christian Sørbøl Simonsen. På bildet til høgre

dåpsbarnet Isak saman med broren Andreas og foreldra Anne Helene Simonsen og Dani Kivikoski.

– Barnedåp er ein viktig tradisjon for oss, familiar blir samla, den nyfødde er i sentrum, me kan gle oss over livet, svarar dei glade dåpsfamiliane på spørsmålet om kvifor borna vart døypte.

Foto: Andreas Førde Midtbø

